



Folketoget på veg mot stemneplassen i fjor (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Heile 30 lag var med på 17.mai-quiz i fjor.
Det vert quiz også i år.
Spørsmåla ifjor handla om nasjonaldagen og
den lokale markeringa i Uskedalen.**

To lag hadde rette svar på alle spørsmåla.
På det eine vinnarlaget var Hilda Guddal, Åsta Sunde,
Aud Haugland, Torunn Haugland, Kåre Haugland og Kari Sunde.
Det andre vinnarlaget var eit samansett lag av 10 personar
med Gunn Mari Moberg som leiar.

17.mai komiteen reknar med stor påmelding i år også.
Spørsmåla er laga, 2 - 3 oppgåver på kvar av dei 10 spørsmåla.
Spørsmåla er lokale, men med mest vekt på nasjonaldagen.

Det er inga påmeldingsavgift. Premien er lokale bøker som
kan lesast på omgang, men som den eldste på laget får til odel og eige.

Spørsmåla er enkle dersom ein føl med og
er merksam på gjennomføringa av 17.mai i Uskedalen

Av Kristian Olav Bringedal